




# ÅRSMELDING 2024

1. Fellesoppgåver – Frivilligsentralane i Selje og Eid
2. Selje frivilligsentral
3. Økonomi



# Årsmelding for Selje Frivilligsentral 2024

## 1. Fellesoppgåver – Frivilligsentralane i Selje og Eid

### 1.1 Innleiing

Stad kommune eig og driv Selje Frivilligsentral. Stad kommune mottok i 2024 kr.: 498 370,- i tilskot frå staten for å drifte Selje Frivilligsentral. Føresetnaden er at sentralen vert driven etter [den nasjonale forskrifta for tilskot til frivilligsentralar](#), og at det statlege tilskotet utgjør maksimalt 60% av dei totale driftskostnadane.

Formålet for frivilligsentralar formulert slik:

*“Ein frivilligsentral skal stimulere til frivillig innsats, vere ein open møteplass for befolkninga og fungere som eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.”*

I Stad kommune sin frivilligpolitisk plattform står følgjande visjon/samfunns mål:

*“Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.*

*Frivillige og frivillig engasjement er ein viktig grunnstein i å byggje dette samfunnet.”*

Frivilligsentralane er ein støttespelar og eit ressurscenter for frivillig arbeid.

Vi jobbar for og med samskaping, «vinn-vinn»-samarbeid og tilrettelegg for sosiale møteplassar, nye dugnadsbaserte aktivitetar og tiltak.

Stad kommune har som mål i den frivilligpolitiske plattformen å legge rette for at det skal vere enkelt å vere frivillig i Stad. Heile samarbeidsdokumentet kan du finne her:

[Frivilligpolitisk plattform 2022 - 2024](#)

Eksempel på nokre faste oppgåver ved frivilligsentralar:

- Synleggjere lokal frivilligheit
- Lett tilgjengeleg nærkontakt for frivillige og eit bindeledd mellom kommunen og frivilligheita

- Leggje til rette for, og vere, ein lågterskel møteplass og tilby aktivitet /tilbod for dei som ønskjer å bidra og /eller treng ein aktivitet/tilbod
- Ha oversikt over frivillig aktivitet og hjelpe folk vidare til relevante lag, organisasjonar eller i eigne frivillig aktivitetar og prosjekt.

I tillegg jobbar frivilligsentralane med mykje forskjellig og saman med mange ulike partar. Kva oppgåver og fokus frivilligsentralen har, vert forma av lokalsamfunnet, behova og engasjementet til innbyggjarane og lokalsamfunnet. Difor er frivilligsentralen i stadig endring og utvikling saman med lokalsamfunnet.

## 1.2 Felles aktivitetar og engasjement i 2024 – Frivilligsentralane i Stad kommune

### Kartlegging av frivilligheita

I samarbeid med Frivillighet Norge og Rambøll gjennomførte vi ei kartlegging av frivilligheita i Stad i november 2023. Dette resulterte i ein fersk rapport om frivilliglivet i Stad kommune ved starten av 2024. Rapporten vart presentert i januar på Frivilligkvelden på Bryggja.

### Frivilligkveld – 24. januar 2024

Dette er eitt av to faste årlege treffpunkt mellom kommunen og frivillig sektor. Etter gjennomgangen av frivilligrapporten vart det gjennomført gruppearbeid med utgangspunkt i utfordringar som kom fram i spørjeundersøkinga og kartlegginga.

Her finn du rapporten: [Kartlegging frivilligheita i Stad .](#)

Og her finn du: [Samandrag og bilde frå Frivilligkvelden.](#)

### Sommarjobb og sosiale møteplassar / sommaraktivitetar

Gjennom støtte frå Gjensidigestiftelsen og Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) kunne vi i år tilby sommarjobb til ungdom som sommarhjelp i ungdomsaktivitetar og i helse- og omsorgstenesta. 21 ungdommar fekk arbeidserfaring saman med arbeidsleiarar og lokale frivillige organisasjonar som arrangerte sommaraktivitetar for barn og unge. Ungdommane hadde også ansvar for drift av BUA.



### Inspirasjonssamling og Innbyggjartreff

Innbyggjartreffet 2024 vart arrangert i Operahuset Nordfjord Dagen starta med ei inspirasjonssamling med tema: «Korleis inspirere til frivillig innsats» ved Geir Arne Solheim frå Nordfjordkompaniet. Deretter var det gruppearbeid.

Deltakarar på samlinga var ei god blanding av representantar frå lokale frivillige organisasjonar, tilsette i Stad kommune, politikarar og besøk / tilsette i ein frivilligsentral frå ei nabokommune. Etter lunsj var det tid for rigging av stand. Heile 32 frivillige lag og organisasjonar stilte med stand. I tillegg var Stad kommune svært godt representert med eit rikholdig informasjonstorg.

Det kom mange innom å fekk bli betre kjent med tilboda ein har i frivilligheita i kommunen. Der var god underhaldning, kjekke aktivitetar og sjølvsagt kakefest.



### Julegledeprosjektet

Dette er det største samarbeidsprosjektet frivilligsentralane har i Stad. I 2024 fordelte vi 160 matkasser til hushaldningar, 109 gåver frå Ønskjetreet, 220 juleglede-gåvekort og ei rekkje gåver «til ein ukjend».

Ein er avhengige av frivillige innsats og eit breidd og godt samarbeid internt i kommune og ikkje minst støtte og engasjement frå bedrifter og innbyggjarar i heile kommunen.



Desse var med å koordinere, støttemidlar, gåver og dugnad i julegledeprosjekta i 2024: Eid Røde Kors Hjelpekorps, Eid Røde Kors Omsorg, Selje Røde Kors Hjelpekorps, Selje Sanitetsforeining, Nordfjordeid Sanitetsforeining, Bryggja Sanitetsforeining, Kjølisdalen Sanitetsforeining, eigenorganiserte frivillige, Eid Handel, Alti Nordfjord, Stad Vekst, privatpersonar og familiar, Stadlandet skule, Nordfjord AS, Filadelfia, Sparebanken 1 Sogn og Fjordane, Lions Club Nordfjordeid, Rema 1000, Norplan, Utdanningsforbundet, Riksbygg AS, NAV Nordfjord, Barnevernstenesta i Stad, skulehelsetenesta i Stad, Opplæring og integrering i Stad, Bu- og miljøtenesta i Stad, kyrkja i Stad, Selje Frivilligsentral og Eid Frivilligsentral.

### Nyhendebrev

Frivilligsentralane i Stad sender ut nyhendebrev til frivillige lag og organisasjonar. I 2024 vart det sendt ut fem nyhendebrev via Stad foreiningsportal.

### Stad foreiningsportal

Vi jobbar kontinuerleg for at frivillige lag og organisasjonar skal få tilgang og kjennskap til dette verktøyet. Det tek tid å få «alle» til å oppdatere og bruke foreiningsportalen aktivt. Foreiningsportalen er ei nettside der alle lag og organisasjonar i Stad kommune har sin eigen profil med ein kalenderfunksjon.

I utgangen av 2024 har 124 av 382 organisasjonar oppdatert profilen sin.

Nettsida har og profilar for kommunale lågterskel tilbod som t.d. frivilligsentralane, bibliotek, BUA, Frisklivscentralen m.m.

Sida fungera også som ei samleside for nyhende der frivilligsentralane legg ut relevant og nyttig informasjon om og til frivilligheita.

Bli kjen med nettsida og frivilligheita i Stad her: [Stad.foreningsportal.no](https://stad.foreningsportal.no)

### Samarbeid med Frisklivscentralane/Fysio- og ergoterapeuttenesta:

- “Sterk og stødig” - Rekruttering og lokale til frivillige som driv treningstilbod for seniorar.
- Temadag for 75-åringar . Frivilligsentralane bidreg med innhald om frivilligheit som moglegheit både som tilbod men ein stad ein kan bidra/vere aktiv i samfunnet.

### Deltaking i team og på fagsamlingar:

Frivilligsentralane i Nordfjordregionen samarbeider gjennom nettverkssamlingar for å utveksle erfaringar og styrke frivilligarbeidet både i eigen frivilligsentral og på tvers av kommunegrensene.

Dagleg leiar i Frivilligsentralane både i Selje og Eid, er med i samskapingsteamet i Stad kommune saman med fleire tilsette i Stad kommune.

Våren 2024 deltok begge sentralane på landsmøtet og fagkonferansen til Norges Frivilligsentraler på Gardermoen.

Hausten 2024 deltok Selje Frivilligsentral på Vestland Fylkeskommune sin frivilligkonferanse i Bergen.



## 2. Selje frivilligsentral


### 2.1 Innleiing

Selje frivilligsentral arbeidar for å leggje til rette og fremje frivilligheit i heile Stad kommune med eit hovudfokus på ytre Stad kommune (Selje, Flatraket og Stadlandet). Som nemnt i første kapittel er faste oppgåver knytt til å diverse inne å synleggjere lokal frivilligheit, ver lett tilgjengeleg for frivillige og eit bindeledd mellom kommunen og frivilligheita, legge til rette for, og vere, ein lågterskel møteplass og synleggjere og tilby aktivitet og tilbod for dei som ønskjer å bidra og /eller delta. Selje frivilligsentral skal spesielt kjenne til frivilligheita i ytre del av kommunen, men og i resten av Stad kommune og regionen elles. So leis kan ein få til gode samarbeid og ikkje minst lose personar og andre lag/org vidare til å matche sin interesse, ønskje og behov.

Selje frivilligsentral har ein dagleg leiar tilsett i ei 100 % fast stilling.

Selje frivilligsentral er samlokalisert i [Innbyggjartorget](#) saman med biblioteket og BUA i 1. etasje på kommunehuset i Selje, Nabben 80.

Vi har flotte universelt utforma lokale og tilgjengeleg møteromrom for lag, organisasjonar og andre. Lokalet og møteromma kan ein låne gratis både dag, ettermiddag og helg. I same etasje har vi danse/treningslokale der kulturskulen har dansetilbod og Frisklivsentralen har «måndagsfrisk» trening kvar måndag. Der skal og bli babysong torsdagar. Her er plass til enda meir aktivitet.



Er det frivillige, lag og organisasjonar som ynskjer å skape ein aktivitet her, er det både fine og universelt utforma lokale med digitale moglegheiter tilgjengeleg. I innbyggjartorget tilbyr vi og digital drop in hjelp, scanning og kopiar i våre opningstider.

### 2.2 Oppgåver /ansvar som ligg til Selje frivilligsentral

#### BUA Selje

Selje frivilligsentral driftar BUA Selje.

BUA står for Barn og Unge i Aktivitet, og er ei gratis utlånsordning av aktivitetsutstyr for alle. I 2024 fekk vi «nytt lokale» på kommunehuset i tillegg til «Strand- BUA « som er bemanna om sommaren. Lokalet har tidlegare vore delt med dans og treningstilbod. No når ein kan

nytte heile lokalet kan ein samle det meste av utstyret som tidlegare har vore foreldt på heile fire ulike rom på kommunehuset. Arbeidet med oppussing og utforminga av lokalet er no i gang.

Daglege leiar deltok på fagsamling/ 10 årsjubileum i Oslo hausten 2024 saman med BUA Eid ansvarleg. Det vart handla inn diverse utstyr for 50.000 frå Barne og ungdomsdirektoratet. Midlane gjekk i hovudsak til ski/vinterutstyr og litt innan for friluftsliv.



Statistikk for BUA Selje : tal registrerte lån: 274, tal utlånt utstyr: 909, Nye brukarar i 2024: 63, Totalt registrert brukarar i BUA Selje: 638. Vi veit og at talla er på utlån er noko større sidan noko utstyr som vart lånt ut sommaren 2024, ikkje kom med i statestikken.

### Innsats for andre – unge frivillige

I slutten av 2024 starta Selje frivilligsentral samarbeid med valfaggruppa *Innsats for andre* v/Selje skule. Dei har fått oppgåva i å planlegge og utføre ei lett oppussing og oppfrisking av lokalet. I tillegg til å lage til med hyller, system og det som skal til for å få ei ryddig og oversiktleg BUA. Det er og mykje å bære og rydde.

Dei unge frivillige skal også planlegge og arrangere den offisiell opning av den nye «land- BUA» når den bli klar. Forhåpentlegvis våren 2025

Det er ein driftig og engasjert gjeng som arbeida for fullt kvar onsdag 12 – 14.





## LTU – Lokal transporttilbud for ungdom

Selje frivilligsentral har ansvar for å administrere transportmidlar for ungdom i Stad kommune.

Saman med Ungdomsrådet søkjer og rapportera ein Vestland fylkeskommune om kvart år.

I 2024 fekk vi 80.000 kr til tiltaket.

Forbruk i 2024 på kr.: 116. 783,-

Ein nytta LTU fondet til å sette prosjektrekneskapet i balanse. (Sjå post bruk av bunde driftsfond i kapittel 3.Økonomi.)

Ved utgangen av 2024 har ein 32.100 kr att på fondet og skal i starten av 2025 søkje Vestland fylkeskommune.

Midlane går i hovudsak til og frå ungdomsklubb, men ein har også ein lokal søknadspott for ungdomsarrangement.

Meir informasjon finn ein på [stad.kommune.no](http://stad.kommune.no)

## 2.3 Aktivitet/tiltak i Selje frivilligsentral

Selje frivilligsentral har nokre eigne tilbod /aktivitetar og frivillige i sentralen. Kva type aktivitet og tilbod er forma av behov og frivillig engasjement i lokalsamfunnet.

### Frivillig vakt på ungdomsarrangement

I tillegg til samarbeidet med «LTU taxi» til og frå ungdomsklubbar har Selje frivilligsentral eit tilbod om å hjelpe med å rekruttere frivillige. Det er ofte behov for fleire vakter/foreldre/tryggevaksne på ungdomsklubbar.

Les meir og tilbodet /aktiviteten her: [BLI FRIVILLIG PÅ UNGDOMSKLUBB](#)

### Ung i Frivilligsentralen

Selje frivilligsentral er ein av 25 frivilligsentralar i Norge som har søkt og blitt valt til å delt ei pilot/test gruppe for kurset til Norges frivilligsentralar: *Ung i Frivilligsentral*.

### Språkkafé

Saman med biblioteket, vaksenopplæringa, saniteten og egen organiserte frivillige «Stadvener», har ein arrangert seks språkkafear. Dei fleste har vore på biblioteket/frivilligsentralen og noko har vore ute/bygdevandring. Selje frivilligsentral fekk eit språktreningstilskot med Norges frivilligsentralar. Det vart kjøpt inn fleire typar språk med «New Amigo» som er eit Brettspel for språklæring.





### Stadven

Frivillige som ynskjer å vere inkluderingskontakt / engasjert i integrering og inkludering av nye innbyggjarar/ tilflyttarar. Stadvenner er ofte med på språkkafeane, men kan og sjølvsgt bidra å delta meir andre til etter eige ynskje/interesse. Les meir og bli [FRIVILLIG STADVEN](#)

### Middagskøyring

Eit fint vinn-vinn samarbeid mellom frivilligsentralen, helse og omsorg tenesta og eigenorganiserte frivillige. Aktiviteten er lagt opp slik at frivillige «shoppar» oppdrag når dei kan og vil ta ei middagsrute. Ein vel heilt sjølv kor mykje ein bidrar med og kan lett melde seg på og av med eit digitalt taste trykk. Dei dagane det ev. ikkje er frivillige, køyrer helsepersonalet.

Likar du å køyre bil og har litt ekstra tid du vil nytte til noko meningsfullt?

Les meir og meld deg som frivillig [MIDDAGSKØYRAR](#)

I tillegg har ein hatt diverse små og litt større hendvendselar og samarbeid .

Eit par dømer er litt bistand i oppstartfasen til brukt butikken til Selje sanitetsforeining:

«Brukt og brunkande» Og innsamling av kle til eit akuttbehov frå integreringstenesta.

Dagleg leiar prøvde ut eit konsept kalla: Bygdekontor i forbindelse med kartlegginga av frivilligheita.

Noko som gjerne kan takast opp att/ gjentakast neste år som ein meir fast aktivitet i gjennom året for å bli betre kjent med frivilligheita rundt om og at frivilligheita kjenner betre til frivilligsentralen.

Diverse andre oppgåver igjennom året er marknadsføring av frivilligsentralen sine aktivitetar med og som tilbod/ressurssenter, kjenne til frivilligheita, rekruttering og synleggjering av dei og deira aktivitetar og tilbod, innspel til diverse planar, arrangere kurs, vere tilgjengeleg/ kontaktperson for frivilligheita primært i ytre Stad kommune. [UKM Stad](#) har fram til 2024 lagt til Selje frivilligsentral.

Nye krefter tok over dette arbeidet , men noko resursar i ein overgangsfase har vore naudsynt.

Dagleg leiar har også steppa inn i skranken i Innbyggjartorget når det har vore behov for dette.

Ein har også ansvar for drift /oppdatering av ulike nettsider:

[Selje frivilligsentral.no](#), [stad.kommune.no](#), [stad foreiningsportal](#), [BUA Selje](#), [facebook sider: BUA Selje](#) , [Selje frivilligsentral](#), [Stad kommune](#) og [hjartestad](#).

### 3. Økonomi

Selje Frivilligsentral hadde eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 60 283,-. Driftsutgiftene var på kr. 1 029 877,-. Dette var 191 270,- meir enn budsjettet. Driftsinntektene var 696 553,-. Dette er 251 552 meir enn budsjettet. Dei store avvika i høve til budsjett skuldast at mange av aktivitetane er drivne med prosjektmidlar som Selje Frivilligsentral eller andre i Stad kommune søker.

Mindreforbruket på kr. 60 283,- syner god økonomistyring trass avvik på ulike driftspostar. Som hovudregel vert det oppretta driftsprosjekt når Selje frivilligsentral mottek prosjektmidlar til aktivitet.

Utanom kommunale midlar og statstilskot har Selje frivilligsentral i 2024 motteke tilskot til aktivitet og tenester frå: Norges Frivilligsentralar - Språktreningsmidlar kr.: 5600, Selje sanitetsforeining - Gåvemidlar til juleglede prosjekt kr.: 5000, Nordfjord AS Gåvemidlar Julegledeprosjekt . Og kr 2000 i erstatning BUA Selje . Totalt 37600. ( post Overføringar frå andre –18900)

Nedanfor kan de sjå heile driftsrekneskapen til Selje Frivilligsentral.

|                 |                                                                | Budsjett<br>inkl.<br>endring | Regnskap         | Avvik i<br>NOK  | Forbruk<br>i % |
|-----------------|----------------------------------------------------------------|------------------------------|------------------|-----------------|----------------|
| <b>38503</b>    | <b>Selje frivilligsentral</b>                                  |                              |                  |                 |                |
|                 | <b>Driftsresultat</b>                                          | <b>393 607</b>               | <b>333 324</b>   | <b>60 283</b>   | <b>84,68</b>   |
| <b>Utgifter</b> | <b>Driftsutgifter totalt</b>                                   | <b>838 607</b>               | <b>1 029 877</b> | <b>-191 270</b> | <b>122,81</b>  |
| 10100           | Fast løn fellesordninga KLP                                    | 539 600                      | 538 875          | 725             | 99,87          |
| 10400           | Overtid                                                        | 0                            | 6 854            | -6 854          | 0,00           |
| 10508           | Trekkpliktig godtgjersle (tlf/km/diett/stipend)                | 5 000                        | 7 460            | -2 460          | 149,21         |
| 10902           | Pensjon KLP - Fellesordninga                                   | 93 001                       | 102 919          | -9 918          | 110,66         |
| 10905           | Kollektiv ulykke-/gruppelivsforsikring                         | 600                          | 953              | -353            | 158,84         |
| 10990           | Arbeidsgjevaravgift                                            | 65 906                       | 69 649           | -3 743          | 105,68         |
| 11000           | Kontormateriell                                                | 3 000                        | 171              | 2 829           | 5,69           |
| 11001           | Abonnement og faglitteratur                                    | 19 000                       | 16 523           | 2 477           | 86,96          |
| 11150           | Matvarer                                                       | 10 000                       | 3 128            | 6 872           | 31,28          |
| 11151           | Servering                                                      | 0                            | 4 508            | -4 508          | 0,00           |
| 11200           | Andre varer og tenester                                        | 10 000                       | 21 483           | -11 483         | 214,83         |
| 11202           | Reingjeringsmateriell                                          | 0                            | 154              | -154            | 0,00           |
| 11208           | Utgiftsdekning ikkje opplysn.pl.                               | 0                            | 954              | -954            | 0,00           |
| 11302           | Abonnement telefon, internett, datalinjer                      | 4 000                        | 3 957            | 43              | 98,93          |
| 11303           | Motkonto skattelegging telefon                                 | 0                            | -4 392           | 4 392           | 0,00           |
| 11304           | Bankgebyr                                                      | 0                            | -17              | 17              | 0,00           |
| 11400           | Annonser/informasjon/reklame                                   | 3 000                        | 4 046            | -1 046          | 134,87         |
| 11500           | Kurs/konferanse/opplæring                                      | 10 000                       | 3 043            | 6 957           | 30,43          |
| 11501           | Opphald kurs/konferanse (ikkje oppl.pl.)                       | 3 000                        | 3 348            | -348            | 111,59         |
| 11600           | Trekkfri kilometergodtgjersle                                  | 2 000                        | 3 244            | -1 244          | 162,19         |
| 11601           | Trekkfri diettgodtgjersle                                      | 1 500                        | 3 068            | -1 568          | 204,53         |
| 11701           | Reiseutgifter (buss, ferge, fly, drosje, bompengar, parkering) | 5 000                        | 9 023            | -4 023          | 180,45         |
| 11706           | Transport av brukarar                                          | 0                            | 94 177           | -94 177         | 0,00           |
| 11852           | Yrkesskade- og ulykkesforsikring                               | 1 000                        | 515              | 485             | 51,50          |

|                |                                     |                 |                 |                |               |
|----------------|-------------------------------------|-----------------|-----------------|----------------|---------------|
| 11901          | Husleige, leige av lokale           | 0               | 990             | -990           | 0,00          |
| 11951          | Avgifter og gebyr                   | 0               | 179             | -179           | 0,00          |
| 11952          | Lisensar og programvare             | 10 000          | 9 885           | 115            | 98,85         |
| 11953          | Kontingent OU-midlar                | 1 000           | 979             | 21             | 97,90         |
| 11954          | Kontingentar                        | 20 000          | 19 500          | 500            | 97,50         |
| 12001          | Inventar og utstyr                  | 25 000          | 8 522           | 16 478         | 34,09         |
| 12002          | IKT-utstyr (ikkje elevpc)           | 0               | 22 070          | -22 070        | 0,00          |
| 12201          | Leige/leasing av inventar og utstyr | 0               | 2 557           | -2 557         | 0,00          |
| 12401          | Vedlikehald inventar og utstyr      | 2 000           | 3 047           | -1 047         | 152,36        |
| 12402          | Driftsavtaler og serviceavtaler     | 0               | 204             | -204           | 0,00          |
| 13702          | Driftstilskot                       | 0               | 25 000          | -25 000        | 0,00          |
| 14290          | Utgiftsført moms                    | 5 000           | 39 213          | -34 213        | 784,27        |
| 15500          | Avsetning til bundne fond           | 0               | 4 087           | -4 087         | 0,00          |
| <b>Inntekt</b> | <b>Driftsinntekt - totalt</b>       | <b>-445 000</b> | <b>-696 553</b> | <b>251 553</b> | <b>156,53</b> |
| 17002          | Statstilskot                        | -440 000        | -498 370        | 58 370         | 113,27        |
| 17101          | Sjukelønsrefusjon                   | 0               | -13 965         | 13 965         | 0,00          |
| 17290          | Momskompensasjon                    | -5 000          | -39 213         | 34 213         | 784,27        |
| 17701          | Refusjon frå andre                  | 0               | -3 148          | 3 148          | 0,00          |
| 18300          | Overføring frå fylkeskommunar       | 0               | -80 000         | 80 000         | 0,00          |
| 18900          | Overføring frå andre                | 0               | -37 600         | 37 600         | 0,00          |
|                |                                     |                 |                 |                |               |
| 19500          | Bruk av bundne driftsfond           | 0               | -24 257         | 24 257         | 0,00          |

Februar 2025

Dagleg leiar , Maria Helgesen

[maria.helgesen@stad.kommue.no](mailto:maria.helgesen@stad.kommue.no)